

# FITJAR KYRKJEBLAD

Velkommen til  
Synne & Leif Tore

Vigsel

FITJAR KYRKJE

KL. 13.00

21.08.21





DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

Opningstider vekedagar  
kl 1000-1130 og 1230-1500

**Kyrkjeverje/kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kontormedarbeidar**

Oma, Elisabeth Søndena  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister**

Ragde, Kjetil Hagevik 482 48 488  
[kjetil@fitjarkyrkje.no](mailto:kjetil@fitjarkyrkje.no)

**Soknerådsleiar:**

Lunde, Svein 971 59 009

**Nestleiar sokneråd:**

Helland, Wenche A. 901 33 397

**Leiar Diakonimnd:**

Tvedt, Annbjørg Stjern 470 18 264

**Bakken barnehage:**

Torunn K. Aarskog 404 04 146  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øyremerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805



**Framsidedeilete:**

Invitasjon bryllup

Foto: Roald Drønen

# Ny frakk - Nei takk!

«Dette må du tenke på hvis du vil se bra ut i høstfrakken.» Eg måtte berre lesa vidare. Kva er dette for noko? Det var visst noko med stilkoden som var viktig, for å sjå bra ut, altså. Løysinga var, slik eg fostod det (eg kunne ikkje lesa heile artikkelen utan abonnement) at eg måtte finna ein frakk der det var plass til heile meg. Og så vart det referert til ein kjendis, som for meg er ukjend, sidan eg ikkje ser noko særleg på film, at ein kan kle seg inspirerande og elegant sjølv om ein ikkje har dei rette måla på høgde og breidde og vidde.



## Roald Drønen

Eg har to frakkar i skåpet heima. Den eine er mørkeblå og ganske sid. Den er også mange år. Han er laga av eit godt ullstoff, trur eg. Ein slik frakk som eldre herremenn kan ha eit fargerikt silkeskjerf til; i halsen. Den passar best når kulda kryp innunder huden. Då er det godt å bretta opp kragen og stikka hendene ned i lommene.

Den andre er litt meir moderne. Den er tross alt berre 3-4 år gamal. Den er halvlang, går akkurat nedom baken, trur eg. Eg ser meg sjeldan bakanfrå, men den er i alle fall heilt grei, synest eg. Han er litt meir som ein fritidsfrakk, litt meir uformell kanskje. Eg ser at det er ein del unge menn som tyr til den type frakkar. Det er jo viktig å følgja litt med også, seier eg til meg sjølv.

Hausten er komen og nye plagg må kjøpast inn, vert me fortalde. Men eg trur svært mange av oss har meir enn nok i skåpet om me ser etter. Kanskje finn du òg i skåpet ein gamal frakk (eller ei kåpe eller to) som er komne på moten igjen. Det skjer ofte etter 20-30 år. Det gamle kan bli som nytt. Retro vert det kalla. Det betyr å sjå attande, kopiera og etterlikna gamle moter.

Berekraft er også kome på moten, men det har linjer langt bakover:

«Du sette han lite lågare enn Gud og krona han med herlegdom og ære. Du sette han til herre over det dine hender har skapt, alt la du under hans føter.» (Salme 8, 6-7)

Det er eit stort ansvar som er lagt på oss.

Redaksjonelt



## Minning av dei døde

Laurdag 6. november vil Fitjar kyrkje vera open frå kl. 18 til 19.30. Det vert opplesing av namna og minning av dei som er gått bort det siste året. Det vil også bli diktlesing og musikk.

Dagen etter, i gudstenesta på Helgemesse-søndag, vil me også minnast dei som er døde.

Næraste pårørende til dei som er døde vil få invitasjon til desse arrangementa.

Fitjar diakoninamnd

## Ny gudstenesteordning

Fitjar sokneråd har gjort utkast til svært små endringar i den nye gudstenesteordninga for hovudgudstenesta, som no er godkjent av biskopen.

Endringane er så få og så små at dei fleste vil ikkje leggja merke til det. Eit nytt moment som er kome med no, er minning av dei døde. Så langt det let seg gjera, vil namna på dei døde bli kunngjorde i første gudstenesta etter gravferda. Då vil det også bli bedt om at Gud må gje trøyst og vera nær dei sørgjande i tida som kjem.

## Permisjon

**Elisabeth Søndena Oma** går snart ut i svangerskapspermisjon og vil vera borte frå kontoret frå 18. oktober.

**Brit Kannelønning Olsen** vil vera vikar i hennar permisjon.

## Ny medarbeidar

**Mads Mikal Skumsnes Drønen** har gjort ein flott innsats som kyrkjetenar i 2-3 år. No har han gått til nye oppgåver som lærling på offshorebåt.

Me gled oss over at **Kaia Victoria Hjelmen Grimen** har takka ja til å overta etter han.



På facebookside vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar. Lik og følg oss gjerne!

## Takk

for minnegåva til barne- og ungdomsarbeidet i samband med Nils Ingmar Hageberg si gravferd.  
Samla sum: kr 17.520,-

### ”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

#### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 3. desember til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 15. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

#### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rølfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



# «Undring»

- ein kveld til glede, forundring og oppbygging

Det er ikkje til å stikka under ein stol at mange av oss har vore svelteføra på godt fellesskap og god kultur det siste halvanna året. Men nokre stjernestunder har me fått. Eg fekk ei av mine søndag 27. juni denne sommaren - under ein av dei få temakveldane me har hatt høve til å arrangera i koronatida.

## Tekst og foto: Herman I. Aadland

Denne kvelden var det lokale aktørar som var i elden. Irene Simonsen spela piano, Gurid Refvik song og Eli Simonsen las dikt og tekstar og batt det heile saman. Under overskrifta «Undring» tok dei ei svolten forsamling inn i vakre, vare – men også viltre – tonar, nære songar og ettertenksame og augeopnande tekstar.

Først ut var Irene med «Granen» av Jean Sibelius. Ho tok oss med ut i skogen gjennom sitt både dynamiske og lyriske spel. Deretter gjekk undringsferda tilbake til skapings saga. Eli formidla teksten frå 1. Mosebok slik at me kjende at me var nær den store hendinga: Verkeleg eit under for undring! Så kom nye perler på ei snor. Irene gav oss «Valse dolce» av Klaus Egge – mjuk, melodios og vakker musikk. Hennar neste gåve til oss var «Hjemve» av Edvard Grieg. Her var me midt inne i Grieg sitt klangunivers og fekk kjenna på heimlengt på fleire plan. Eg festa her tre ord på blokka: Trillande, traust og ettertenksamt. Irene sitt siste soloinnslag var «Aria» av Gjertstrøm. Også denne gjekk til hjarta.

Men innimellom musikkstykke, tekstar og dikt gav Irene også tonefylgje til Gurid Refvik sine velvalde songar. Det har alltid vore fint å høyra Gurid syngja. Ho har ei varm, var og vakker røyst, og ho er så til stades i det ho formidlar. Og så er det som ho berre vert betre og betre med åra. Det var stort spenn i songane ho gav oss: «Danse mot vår» av Viberg og Løvland, «Ein fin liten blome» av Hovden og Eidsvåg, «Draumespor» av Kenneth Sivertsen, «Ein farfar i livet» av Odd Nordstoga og «Med Jesus vil eg fara» av Elias Blix til den vakre folketonemelodien. Tusen takk!

Eli Simonsen er ei oppkomme av gode og talande tekstar. Ho har ein eigen evne til å finna slikt som treff oss. Det er nok fordi ho sjølv er treft først. Denne kvelden fekk me bada oss i treffande ord frå eit stort knippe kunstnarar: A. Bolstad, H. Wergeland, H. Børli, O.S. Bjørlykke. I. Hagerup, A. Bjercke, H. M. Vesaas, J. M. Bruheim, T. Houck og sjølvaste kong David. Salme 8 opna seg på nytt:



«Når eg ser din himmel,  
eit verk av dine fingrar,  
månen og stjernene  
som du har sett der,  
kva er då eit menneske  
– at du hugsar på det,  
eit menneskebarn  
– at du tek deg av det?»  
Snakk om undring og forundring!

Me som fekk med oss denne gode stunda i Fitjar kyrkje, gjekk ut i sommarkvelden og var djupt samde om at ein ikkje alltid treng gå over bekken etter vatn. For her er rike kjelder og oppkommer midt mellom oss!

# Sommargudsteneste i Kråko



Den 18. juli var det sommargudsteneste i konserttellet ved Port Steingard i Kråko, og Herman Inge Aadland trekte linjene frå teltet tilbake til Tabernakelet som israelsfolket brakte med seg under utfarten frå Egypt.

**Tekst og foto: Torbjørn Hovland**

Tabernakelet var eit demonterbart og transportabelt gudshus, og Guds nærvær viste seg som ei sky over det. Og skyer var det sanneleg over Port Steingard også, det regna til og med frå dei.

Men poenget i forteljinga om tabernaklet var den store offerviljen det var i israelsfolket når dei vart bedne om gåver til dette bygget. Etter kort tid måtte Moses rett og slett be folket slutta å gje, for dei hadde fått alt for mykje!

Presten snakka også om alle dei flotte og mangfaldige hyttene i alle stilartar som er bygde på Kråko, så begrepet "kråkeslott" har fått eit heilt nytt innhald i Fitjar. Hytter som har kosta pengar og innsats, engasjement og prioritering. Resultatet har vorte imponerende og lekkert, men me skal ikkje gløyme den fattige enka som gav sine to små myntar til tempelet. Penger som ho kunne sårt trengt sjølv. Og Jesus eigde ingenting, berre kleda han gjekk i. Det er tankevekkande ord til oss i eit av verdas rikaste land.

Så kunne me til slutt gå frå harde trebenker og dryppande teltduk, ut til dyre bilar og køyra heim til våre påkosta hus. Me har sanneleg mykje å vera takksame for, men denne søndagen - der alle dei tre bibeltekstane handla om økonomi og forvaltning - minna oss òg om å sjå ut over oss og vårt eige og til det og dei som treng vår hjelp og støtte. Det er nok ei stund til både kyrkjer og organisasjonar må be folk slutta å gje fordi dei druknar i gåver.



Musikarar: Harald Rydland, Heine Bernt Helland og Tom Rydland (song)



Maren Rydland spelar flygelhorn



## 22. juli - markering i Fitjar kyrkje

Varm takk til diakoninemnda, som heldt kyrkja open 22.juli og hadde ei enkel og verdig markering. Leiar i diakoninemnda, Annbjørg Stjern Tvedt, tente lys i globen, ba ei kort bøn for alle som ber på sorg og sagn etter 22. juli 2011 eller etter andre vonde hendingar. Etterpå vart det stille bøn der kvar og ein kunne tenne lys eller ha ei stille stund for seg sjølv.

### Anne Marie Røed

Det vart òg eit kort program der Eli Simonsen med innleving las tankevekkande og trøsterike tekstar av mellom anna Per Arne Dahl, Frode Grytten, Lars Saabye Christensen, Magnhild Marie Haugen. Me blei minna om at berre «En lidende Gud kan hjelpe lidende menneske», at mennesket ikkje er åleine, og at vondskapen ikkje skal ha det siste ordet. Kjærleiken er sterkare enn døden. Me vart og minna om at der er ein veg vidare - i bøn og arbeid for godleik, fred og rettferd i verda. Dette vart og sterkt framheva i songtekstane som Lovise Vestbøstad hadde valt å syngja for oss, mellom anna «Lær meg å kjenne dine veier» og «Tenn lys». Lovise tente eit lys for kvar strofe. Me vart mellom anna minna om bønna i songen «Må alle dele håpet at gode ting vil skje. Må jord og himmel møtast, eit lys er tent for det.»

Takk til Lovise Vestbøstad som gjennom vakker song gav trøyst og livsmot til å møte ulike ulike utfordringar. Takk til Eli Simonsen som las tekstar som frå ulike vinklar viste oss krafta i kulturen vår. Igjen takk til diakoninemnda som la til rette for denne gode stunda i kyrkja der det både er rom og språk for alle slags kjensler, sorg, fortvilning, sinne, håp og tru.



*Kaia Victoria Hjelman Grimen (konfirmant) viser fram den flotte bunaden som ho har sydd sjølv.*


*Foto: Ole Sandvik*



## Softis og gudsteneste

Presten skulle vera tøff (!!!) og lova ein softis til den konfirmanten som var med på fleire enn 20 gudstenester i konfirmanttida.

Elisabeth Rydland Sæbø kunne avsløra på siste gudstenesta at ho hadde vore på 27 gudstenester. Då måtte sjølvsgagt presten halda det han hadde lova og spanderte softis med rosa strø på. (Han kjøpte ein til seg sjølv også!!!)



# Menneskeverd under press

**Det hender at me får synleggjort at det finns menneske som tenkjer djupare, klokare og meir konsekvent enn dei fleste andre. Foredraget til Ola Didrik Saugstad 19. august var ei slik oppleving.**

**Tekst og foto: Torbjørn Hovland**

Temakveldgruppa hadde denne gongen henta inn ein etisk og akademisk tungvektar av internasjonalt format, han har blitt sitert over 23000 gonger i ulik vitskapeleg litteratur.

Saugstad er forskar ved universitetet i Oslo, professor i nyfødmedisin ved eit universitet i Chicago, og professor emeritus i barnesjukdomar. Særleg har han jobba mykje med medisinsk etikk og fosteret sine rettar i moderne bioteknologi.


Ola trekte linjene tilbake til antikkens Hellas og Romerriket, der det ofte var faren som bestemte om den nyfødde skulle få leva opp. I Noreg medførte kristenretten frå Moster i 1024 at nyfødde og dei svakaste skulle takast vare på.

Under slavetida var det få som meinte at slavane var fullverdige menneske, sjølv midt i opplysingstida. Korkje samfunnseliten, vanlege folk eller kyrkja såg noko betenkeleg i slaveriet.

I mellomkrigstida var rasehygien ein utbreidd ideologi, samfunnet måtte beskyttast mot skadelege arvestoff og menneskerasar. Mentalt sjuke, jødar, sigøynarar og kriminelle var mindreverdige individ og ein uønska belastning. Dei aller fleste legar, forskarar og politikarar var samde i dette, og innesperring og tvangssterilisering vart resultatet. Me veit alle kva denne læra medførte i Hitler-Tyskland.

Ei gradering av menneskeverd overlevde også 2. verdskrigen. Menneske med Downs syndrom vart ikkje rekna som fullverdige personar, og tvangssteriliseringslova vart ikkje oppheva før i 1977.

Er slike graderingstankar framleis levande? I dag kan fosteret vera eit industriprodukt. Egg- og sædceller er hyllevare, arvestoff kan endrast og surrogatmødre kan bera fram barnet. Fosterdiagnostikk kan avsløra avvik undervegs, og det ufødte barnet kan fjernast dersom det oppstår produksjonsfeil.



På verdsbasis vert det utført mellom 40 og 50 millionar abortar kvart år. Det er lite debatt om dette, saka er av mange redusert til eit reint kvinnesaks spørsmål. I Noreg vil fleire politiske parti heller auka grensa for fri abort, og i nokre amerikanske delstatar har avliving vore tillatt heilt fram til hovudet er ute under fødselen, såkalla «Partial birth abortion»

Ola Saugstad framhevar at dette føyer seg inn i historia der ein først fråtar nokon menneskeverd, for deretter å kunne eliminera dei. Han har heile tida argumentert med sekulær-etiske argument, ikkje religiøse. Likevel meiner han at all argumentasjon mot nedgradering av menneskeverd kan summerast i få ord: Alle menneske er skapte i Guds bilete.



# Om song

Over heile verda og gjennom alle tider har menneska hatt glede av song og musikk til kvardag og fest. Utan å vera vitskapsmenn, trur vi bestemt at songen må ha vore det første musikalske uttrykk mennesket hadde, og den er framleis like levedyktig i våre dagar. Vi trur det er fordi den er så viktig for oss.

## Herman I. Aadland

Songen følgjer oss frå vogge til grav. Ja, til og med før barnet er født kan det høyra, og ein veit at enkelte former for musikk kan virka roande. Heldig er det barn som blir sunge med – og sunge for – om det no er i barnehage, i skulen eller i heimen. Det har fått ei gåve. Så følgjer songen oss vidare gjennom livet. Den takksemda vi har kjent når vi syng for dei eldste, viser kor mykje songen betyr også i den delen av livet.

Det finst ein song for alle høve, både for arbeid, for fest og for sorg. Ein song når ein er glad, løfter gleda endå meir. Ein song når livet buttar imot, når ein gjennom songen kan setja ord på det ein kjenner, trur vi kan gjera dagen litt lettare. Det er ein som har sagt det slik: «Stemma som syng, uttrykkjer fleire og meir direkte kjensler enn stemma som snakkar».

Felles song skapar fellesskap! Ein har funne ut at ingenting kan skapa fellesskap mellom i utgangspunktet ukjente menneske så fort som det å syngja saman. Song og musikk uttrykkjer kjensler, og det krev at vi er opne og ekte når vi prøver å formidla. Det er forska på fellessong, og ein har funne ut det fantastiske at i fellessong byrjar etter kvart hjarteslaga å slå i takt hos dei som syng!

Songen gjer oss til formidlarar og medskaparar. Vi får vera kreative, vi er jo dei som skaper songen utav dei teikna som står på notemarket. Komponisten klarer seg ikkje utan oss. Av og til er det enkelt, og av og til må vi jobba oss gjennom vanskelege taktar og harmoniar. Til slutt blir det noko vakkert!

Men songen handlar ikkje berre om estetikk – det vakre, den er også meiningsberande. Vi ynskjer å uttrykka noko gjennom det vi syng, både i ord og tonar. Songen virkar på oss som syng, men skal også berøra tilhøyraren. All god musikk har ein bodskap, men for oss som er med i kyrkjekor, er målet lett å peika på;

det er å spreia ein god bodskap. Det kan vera vanskeleg å snakka om det ein trur på, det som er fundamentet i livet.



Men får ein gjera det ved å syngja orda og tonane i eit fellesskap, er det ikkje så vanskeleg lenger. Og eg trur at musikken og songen har ei veldig kraft!

Johan Sebastian Bach var ein audmjuk mann. Han avslutta alle sine komposisjonar med tre enkle bokstavar – s d g – Soli Deo Gloria, som betyr «Gud åleine æra». Han meinte at musikken han skreiv, var gitt han frå Gud. Men han meinte også at når han spelte denne musikken, så gjorde han det til Guds ære. Kanskje skulle ein minna seg sjølv på dette litt oftare når vi syng – at vi syng til Guds ære – og at vi kjem med ein god bodskap. I tillegg får vi delta i eit fellesskap, og syngja med glede. Det er mykje godt på ein gong!

Kvifor syngja i kor? Kanskje tankane som står over (under) kan forklara kvifor vi i kyrkjekoret ser fram mot nye øvingar til hausten, etter eit langt koronaavbrekk. Vi er ein fin gjeng på 16-17 som møtest onsdagskveldane i kyrkja, og øver mot framføringar dels som innslag i gudstenester, og dels som eigne konsertar. Og vi skulle gjerne vore fleire!

For hausten som kjem, har vi planar om å delta på allehelgenssøndag i gudstenesta, og også på visitasgudstenesta 5. desember. Vi har ein del fine arrangement av folketonar som vi vil jobba med. Så reknar vi med at julekonserten i år vil bli gjennomført som vanleg, og der deltek vi sjølvsgagt. Vi tenkjer også på å få i stand ein pasjonskonsert i samband med påska til neste år.

Øvingane tok til onsdag 8. september.

Har du lyst til å vera med?

Skulle du ha spørsmål, kan du ta kontakt med Jan Overweg, som er dirigenten vår.





# TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2021!!

## «Med Jesus i båten»



### Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus annankvar tysdag kl.10:30 – 12:00. Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 7/9, 21/9, 5/10, 19/10, 2/11, 16/11, 30/11 og 14/12

### Småbarnssong:

Samling ein tysdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 1-4 åringar saman med ein vaksen. Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 5/10, 9/11 og 7/12

### 4-årsbok:

Undretur laurdag og familiegudsteneste søndag med utdeling av 4-årsbok. 4-åringar saman med ein vaksen.

Datoar: 2/10 og 3/10



### Den gode gjetar:

Samling tysdag ettermiddag kl. 17.00. 5-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing, aktivitet og bollar og saft.

Dato: 7/9



### Lys Vaken:

Overnatting i kyrkja for 11-åringar.

Dato: 20/11 og 21/11



### Konfirmantar:

Samling i kyrkja annankvar onsdag fordelt i gruppe A og B kl. 14:15 – 15:45:

A: 8/9, 22/9, 25/9, 6/10, 27/10, 10/11, 24/11, 1/12

B: 15/9, 25/9, 29/9, 20/10, 3/11, 17/11, 24/11, 8/12

### Vidare:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30-21:00

Datoar: 28/9, 19/10, 16/11, 14/12



vidare!



# MALI

Nyhetsbrev 2/21

Foto: Stina Neergård (illustrasjonsbilde)

## FRUKTBART OG FARLIG I NORD

Urolighetene i Mali fortsetter og det er ingen tegn til bedring. Områdene i Nord-Øst, der to fulani-menigheter har blitt dannet, er blant de farligste stedene i hele Mali. Både misjonærene og de kristne som bor der trenger mye forbønn. Mange er bekymret for at situasjonen i Afghanistan skal inspirere grupper av fundamentalistiske muslimer til å oppnå det samme som Taliban nå har gjort i Afghanistan.

Men arbeidet fortsetter til tross for sikkerhetsrisikoen. Misjonærene fra Nigeria som bor i den nordøstlige delen av landet har også dette året fått minst sju nye kontakter, tre av dem har allerede startet med regelmessig bibelundervisning. Det produseres ukentlige radioprogrammer på fulani, som distribueres og sendes på 38 radiostasjoner. Det hender at lyttere henvender seg til radiostasjonen og ønsker seg Det nye testamente og andre bibelbøker. Dette året har det blitt delt ut 12 nytestamenter, 12 bøker med 1. Mosebok, 12 bøker med andre Mosebok og 12 bøker med første og andre Samuelsbok.

Bibeloversettelsesarbeidet starter opp igjen for fullt denne høsten, etter at vår lokale oversetter er ferdig med sine hebraisk-studier. Misjonær og bibeloversetter Anne Lise Matre går også på nytt inn i dette arbeidet fra i høst, og vil pendle til og fra Mali. De femten lokale ansatte i landsbyutviklingsprosjektet fortsetter kampen mot kjønnslemlestelse av jenter.

## SØR-SØR-MISJONÆRER I MALI

Det er nå fire afrikanske misjonærfamilier knyttet til arbeidet NMS er med på i Mali, i tillegg til direktør Magadji Thomas fra Kamerun.

«R» og «S» fra Nigeria har vært i Mali siden 2014. De er nå den eneste misjonærfamilien som fremdeles bor i Nord-Øst-Mali. Lenger sør i Mali finner vi «M» og «J» fra Benin som kom til Mali i 2017, og to familier fra Kamerun, «B» og «E», og «S» og «Y», som kom til Mali i 2020.

De afrikanske familiene er takknemlige for forbønn. Av sikkerhetshensyn er vi forsiktige med å gå ut med navnene deres og navnene på byene de bor i.





## FANGET OG FRI

De lokale kristne fulaniene bærer de største byrdene, både når det gjelder å leve farlig og når det gjelder fattigdom. Til tross for at all reising innebærer stor risiko, møter de opp til samlinger, leirer og kurs når de får mulighet, og er takknemlige for det kristne fellesskapet. I mai opplevde «Umaru» at han ble kidnappet av en militsgruppe da han tok buss mellom to byer. Han ble holdt som gissel i en hule oppe i fjellene sammen med flere andre. En stor bønneaksjon ble satt i gang umiddelbart, og mange i Norge var også med og ba. Som et mirakel opplevde han at Gud ga ham frimodighet til å forkynne evangeliet for de som hadde tatt ham til fange, og det gjorde så sterkt inntrykk på kidnapperne at de satte ham fri neste morgen.

Umaru ga et nytestamente til en av kidnapperne og de utvekslet telefonnumre. Nå holder de kontakten og Umaru opplever at denne redselsfulle situasjonen ble en mulighet for ham til å være et vitne. Du kan lese mer om det Umaru opplevde i denne bloggposten på nms.no: [nms.no/mali/2021/05/19/ble-kidnappet-delte-evangeliet/](https://nms.no/mali/2021/05/19/ble-kidnappet-delte-evangeliet/)

Alle tekster er skrevet av Stina Neergård



Foto: Stina Neergård (illustrasjonsbilde)

## Hva gjør vi i Mali?

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt



## Endeleg konfirmerte!



Foto: Ole Sandvik

# BARNESIDE



Kven har skapt alle blomane,  
blomane, blomane?  
Kven har skapt alle blomane?  
Vår Gud i himmelen.

Kven har skapt alle stjernene,  
stjernene, stjernene?  
Kven har skapt alle stjernene?  
Vår Gud i himmelen.


Kven har skapt alle blomane,  
fuglane, stjernene?  
Kven har skapt både deg og meg?  
Vår Gud i himmelen.

Kven har skapt alle fuglane,  
fuglane, fuglane?  
Kven har skapt alle fuglane?  
Vår Gud i himmelen.

Kven har skapt både deg og meg,  
deg og meg, deg og meg?  
Kven har skapt både deg og meg?  
Vår Gud i himmelen.

I 1. Mos. 2,5 les  
me om då Gud  
skapte verda.  
Me er sett til å ta  
vare på alt det  
skapte.

Sjå nøye på  
bileta og sjå om  
du kan finne  
8 ulike ting.  
Fargelegg gjerne  
hagen, så blir  
den enno finare.





## Temakvelder hausten 2021



**30. September:**  
Bjarte Stubhaug  
—”Livsmeistring:  
om å møta og  
meistra utfor-  
dringar i livet.”



**28. Oktober:**

Osternes Mannskor: Salmar og  
sogar av Elisabeth Moldestad



**25. November:**

Kloster Trio: »Fagre Joledag»

arr.: temakveldgruppa/  
soknerådet

# Konsertar i Fitjar kyrkje

**Terje Koløen** vil ha konsert i Fitjar kyrkje laurdag 23. oktober. Der vil han syngja egne singlar akkompagnert av organist Steinar Christensen.

**Osternes mannskor** har i lang tid øvd på **Elisabeth Moldestad** sine songtekstar. Ho har sett melodi til nokre av dei også. Svein Tørnquist har gjort ein stor jobb med å arrangera songane for mannskoret. Torsdag 28. oktober vil det bli konsert i Fitjar kyrkje.



## SØNDAGSSKULE



på **Fitjar bedehus kl. 11.00** til Ca kl. 12  
stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja  
**Song, lystening, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar**  
(frå 2-3 år og oppover til Ca 8. Klasse)

### Hausten 2021:

**12.09 Søndagsskulens dag** (sjå plakat/annonse)

**19.09 Søndagsskule**

**26.09 Søndagsskule**

**03.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.**

**10.10 Utesøndagsskule v/Bakken Barneh.**

**17.10 Utesøndagsskule v/Bakken Barneh.**

**22.10 Filmkveld for dei eldste, 4.kl +**

**24.10 Familiegudsteneste - ikkje sønd. sk.**

**31.10 Brandøyweekend - ikkje søndagsskule**

**07.11 Søndagsskule**

**14.11 Søndagsskule**

**21.11 Familiegudsteneste - ikkje sønd. sk.**

**28.11 Adventssamling/adventsfrukost kl. 11.00**

**30.12 Julefest kl. 17.00** (sjå plakat/annonse)



Det kan skje endringar i oppsett plan dersom det skjer endringar i koronasituasjonen. Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar, og gjeldande smitteverntiltak.



## ALLE ER VELKOMNE !

Arr.: Fitjar søndagsskule

**III** GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**  
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as  
**ELON** **fagmøbler**

**Duo**

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerelvvegen 55  
5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**Stord**  
**Begravelsesbyrå**  
Tlf. 53 41 64 05

**PORT**  
**STEINGARD**

Port Steingard AS  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinnelag

Fitjar  
Bygdekvinnelag

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)



**FITJAR**  
**SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)

**Hår**  
loftet

OPRINGSTIDER  
Mån,tirs,fre..... 9-16  
Ons,tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
Telefon: 91 82 41 58

**Engesund**  
Fiskeoppdrett  
Visningscenter  
Mobilnr: 951 89950

**Bakken**  
Fitjar Soknerådsbarnehage

**Kontaktinfo:**  
Torunn K. Aarskog  
404 04 146

Ledig annonseplass

**Interflora** | Galleri Flora  
Tlf: 53 49 95 00 | [www.interflora.no](http://www.interflora.no)  
Blomster - Gaver - Gravsteiner

**jt TVEIT**  
Faglig tyngde og  
godt humør



BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00  
www.fmvas.no



**FITJAR**  
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**VB**  
VARMER & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**KVERNENES**



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar  
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Ledig annonseplass



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**HEIMLI**  
SHIP DESIGN

[www.heimli.com](http://www.heimli.com)  
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



# Slekters gang

## Døpte:

**13.06**

Arya Santillan Vik

**20.06**

Cathrine R. Helland

**04.07**

Leonora Bergesen Gloppen

Yrja Aarbø Steinseide

**25.07**

Vilde Traa Alsaker

**08.08**

Johannes Siglen

**12.09**

Ellinor Marie Helland-Petterteig

Olivia Meland

## Vigde:

**21.08**

Synne Vestrheim Føyen og

Leif Tore Nesbø Aarland

## Jordfeste:

Nils Ingmar Hageberg

f:18.10.1950 – d: 10.06.2021

Sverre Birger Torland

f:18.04.1924 – d:12.06.2021

Liv Rimmereid

f: 29.01.1928 – d:22.07.2021

Arne Olai Bergsvik

f: 31.07.1949 – d:30.07.2021

Harald Seivåg

f:12.09.1948 – d.12.08.2021

Laila Hatlevik Olsen

f:20.06.1952 – d.06.09.2021

*Me gler oss til bispevisitas  
30. nov. - 3. des. og  
visitasgudsteneste 5. des.*



# Gudstenester

<b>Dato</b>	<b>Kl.</b>	<b>Kyrkjeår</b>	<b>Merknad</b>	<b>Takkoffer</b>
03.10.	1100	19. søndag i treeiningstida	4-årsbok	Kyrkjelydsarbeidet
10.10.	1100	20. søndag i treeiningstida		Israelsmisjonen
17.10.	1100	21. søndag i treeiningstida		Kyrkjelydsarbeidet
24.10.	1100	22. søndag i treeiningstida	Haustakkefest	Plan - bekjemping av barneekteskap
31.10.	1100	23. søndag i treeiningstida		Diakoninemnda i Fitjar
07.11.	1100	Helgemesse-sundag		Stefanusalliansen
14.11.	1100	25. søndag i treeiningstida		Kyrkjelydsarbeidet
21.11.	1100	Kristi kongedag	Lys vaken	Ungdomsarbeidet i Fitjar
28.11.	1900	1. søndag i adventstida	Lysmesse	NMS prosjekt i Mali
05.12.	1100	2. søndag i adventstida	Visitasgudsteneste	Frelsesarmeen Stord
12.12.	1100	3. søndag i adventstida		Kyrkjelydsarbeidet
19.12.	1100	4. søndag i adventstida		